

## Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 14.03.2018

**Iiril Schau Johansen (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Planen bør ta inn følgjande punkt under 1. innsatsområde miljø og klima:

Tiltak:

Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgeslag eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum til cruiseskip i regionen.
2. Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreining av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på besøkande/skip per dag. I dette ligg ei heilskapsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.
3. Arbeide for at spreining av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.»

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Stryke punktet:

Greie ut om ein skal leggje til rette for landstraum eller anna form for ikkje-fossil energibruk i regionen.

Stryke punktet:

Oppmode om at det vert sett i verk ei nasjonal utgreiing med konkrete tilrådingar til kva type energibruk som vil vere framtida for cruisenæringa.»

**Geir Angeltveit (V)** sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Det er viktig å få avklart kven som har initiativansvar for dei ulike tiltaka.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Johansen sitt forslag fekk 10 røyster (H, MDG, V, KrF, Sp, 2A) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Hammer sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Angeltveit sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Handlingsplan cruise for Vestlandfylka 2018-2020».
2. Planen bør ta inn følgjande punkt under 1. innsatsområde miljø og klima:

Tiltak:

Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgeslag eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.

3. Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum til cruiseskip i regionen.
4. Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreining av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på besøkande/skip per dag. I dette ligg ei heilskapsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.
5. Arbeide for at spreining av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.